



98 år gamle Klara Døssland er ei av uskedalingane som vi kan lesa om i boka.

Kvinnherad Sogelag har uvida rekkja si med lokalhistoriske årbøker ved at nr.17 no er klar. Det er ei bok med mykje godt og interessant stoff. Det meste er tilknytta sjøen og sjølivet. Vi har tidlegare [omtala boka her](#). Boka vert presentert i Gamleskulen her i Uskedalen torsdag 22. oktober kl. 18. I samband med det har Kvinnherad Sogelag sendt ut følgjande pressemelding:

Kvinnhersminne - Årbok XVII er no ferdig frå trykkeriet. Hovudtemaet i denne årboka er '**Førstereis**'. Fjorten kvinnheringar fortel om korleis det var å reisa ut første gongen, her er mange sterke minne frå sjømannslivet. Sjømannsprest og husmor på sjømannskyrkja har skrive om sine møte med sjøfolka som reiste i utanriks. Der er og eit par artiklar om Dimmelsvik, handelsstad og tingstad, og om den gamle tønnefabrikken der.

Årboka vert presentert på ei tilstelling i Uskedalen gamle skule torsdag 22.okt. kl. 18.00. Vi ynskjer vel møtt til presentasjon av årboka der.

Sjå utfyllande informasjon på heimesida vår, www.kvinnheradsogelag.no.

Medlemane i sogelaget vil få boka tilsendt i løpet av dei par første vekene. God lesnad !

Med venleg helsing
for Kvinnherad sogelag
- Kari Fedt Haugsbakk-
heimesideansvarleg

Foto og nett: Thor Inge Døssland